

DEN INTELLEKTUELLE SITT ANSVAR

Intervju ved Guri Kulås*

Med det nye Globaliseringsnummeret har Vardøger eksistert i snart 30 år. Bladet såg dagens lys i 1970 og nyskapningen i bladheimen skapte mange politiske tumultar for redaksjonsmedlemmane.

– Namnet var klart lenge før både bladet og redaksjonen, fortel Rune Skarstein, som var initiativtakar til og ga ut det fyrste nummeret av tidsskriftet. – Men sjølve prosjektet var – og er framleis – eit bidrag til å skriva om eit område som var udekt i Noreg.

– *Kontrast* var på slutten av 60-talet blitt eit reint kulturtidsskrift, så det fanst eit behov for supplement i så måte, samstundes som eg var motstandar av «sitat-dogmatismen» i SUF, seier Skarstein. Han vart medlem av SF i 1964, men gjekk ut av partiet saman med dei andre som marsjerte frå landsmøtet i 1969.

Han hadde ikkje vore medlem av det nye SUF (ml) lenge før han til liks med resten av Vardøger-redaksjonen vart ekskludert frå organisasjonen for ikkje å ha fylgt den demokratiske sentralismen. Den konkrete grunnen var at utgjevinga av Vardøger ikkje var ein gjennomdrøfta strategi frå organisasjonen – slik individualisme skulle ein ikkje ha noko av i rekkene.

– Frå 1969 til -73 var eg berre medlem av Folkebevegelsen mot EF, seier Skarstein tørt.

Studentopprøret

Sjølve innhaldet i det fyrste nummeret var det ikkje så stor usemje om, eller kritikk mot. Skarstein oppsummerer det som eit kritisk blick på universiteta i eit historisk perspektiv. Det kunne også presentera ein gjennomgang av studentopprøra i Frankrike, Tyskland og USA, mellom anna frå skribentar som Herbert Marcuse og Hans Magnus Enzensberger, med oppfordringar til studentane om å kjempa om det ideologiske hegemoniet på universiteta. Dei to samfunnsdebattantane og filosofane er ikkje dei einaste sentrale, internasjonale kommentatorane som Vardøger har kunna presentert for eit norsk publikum heilt frå starten av. Det fyrste nummeret trykte også ein viktig artikkel av Paul Baran, ein av grunnleggjarane av *Monthly Review*, kalla «The Commitment of the Intellectuals». Barans koping mellom det å vera intellektuell med eit aktivt samfunnsengasjement, i motsetnad til å vera ein rein intellekt-arbeidar, har vore ein viktig pilar i Vardøgers profil.

Monthly Review var klart ein av inspirasjonskjeldene til Vardøger, men bladbudnen vart henta frå eit engelsk tidsskrift, som seinare viste seg å vera ein CIA-front. – Men dei kravde oss aldri for plagiering, ler Skarstein.

Tidsskriftet har til saman kome ut med 24 nummer, noko som i praksis gjer det til ei årbok. Metodisk har Vardøger alltid heldt på å vera empirisk og dagsaktuelt, basert i politiske analysar.

– Vi har sett på samanhengar mellom samfunn og økonomi, stat og institusjonar versus økonomiske system. I dette skjeringspunktet har også dei sosiale og kulturelle sidene komne fram. Det er banda mellom stat, sosiale tilhøve og kultur som har vore aksene i Vardøger si redaksjonelle line.

Ei line som har plukka opp og reflektert fleire, viktige politiske og samfunnsmessige skifte i Noreg. Det har mellom anna vorte gjeve ut fleire nummer om staten og sosialdemokratiet og arbeidarklassen og staten. Det har kome to EF/EU-nummer, eit nummer om psykiatri, eit om økologi og eit om litteratur. Fleire av nummera har hamna på pensumlistene ved universiteta og vorte brukte i undervisninga i den vidaregåande skulen.

Politisk økonomi sel

Vardøger vitnar også om at det finst eit sakn og eit udekt behov blant folk når det gjeld litteratur om økonomi, for det er nettopp utgåvene om politisk økonomi som har selt best. Mellom anna nummeret om IMF og Verdsbanken (Nr. 19), som også Norges Bank sikra seg 20 eksemplar av.

Vardøger har i tillegg vore eit permanent, aktivt innlegg i debatten om venstresida i norsk politikk. Nummeret om ml-rørsla (Nr. 6) skapte mykje oppstyr. Redaksjonen vart skulda for å springa dei borgarlege sitt ærend, men på høgresida vart det heile sett på som ein intern «venstre-krangel». Ei anna viktig utgåve var nummeret som var via ein brei kritikk av Sovjet (Nr. 5). Dette var den fyrste Sovjet-kritikken som vart reist på venstresida i Noreg.

Sosialisme-ordskifta

– Drøftinga av samfunna i Sovjet, Aust-Europa og Kina var viktige innerter i eigne rekker, som ei analyse som konkluderte med at dette ikkje var sosialistiske samfunn. Men dei førte også til eit ordskifte om kva kapitalisme er, og det var *dette* folk var usamde om.

– Kva kapitalisme er, empirisk undersøkt, er vel det vi har arbeidd aller mest med. Kapitalismekritikken er heilt avgjerande for organisering av motstand mot han – på dette punktet er vi framleis leninistar, slår Rune Skarstein fast.

Vardøgerredaksjonen, som forutan tilsig av ei handfull folk har vore eit svært stabilt redaksjonskollektiv, har møtt både motstand og ignorans i store delar av den partipolitiske venstresida for sitt kritiske prosjekt. Samstundes har dei også vore ein del av dei ulike politiske konjunkturane og konfliktane i venstre-partia.

– I AKP (ml) vart vi sett på som høgrerevisjonistar og i SV stengde NKP-fløya lenge for sosialisme-kritikken, men seinare har vi i SV alltid blitt sett på

som «intellektuelle» – og med det har folk meint «fjernt frå røynda». Men Skarstein og med-redaksjonsmedlem og partifelle Hans Ebbing tar også kraftig til motmæle mot kritikken.

Profetisk om SV

Ei av dei Vardøgerutgåvene som har skapt mest rabalder, var det førre nummeret, «SV på sotteseng?», som kom for to år sidan.

– I dag må vi kunne seia å ha vore profetiske i våre analysar, seier Skarstein, – det som blir sagt om SV der, blir berre meir og meir sant for kvar veke som går, men det er då også eit sterkt splitta parti vi snakkar om her.

Skarstein og Ebbing meiner det er umogeleg å nå igjennom med eit internt ordsките som dette i SV.

– Det er mest komisk når vi blir skulda i SV for å vera «verdsfjerne» intellektuelle, for vi er jo empirikarar i ein grad som dei same kritikarane ikkje er det. Den forma for anti-intellektualisme og trivialisering som SV-leiinga står for er ein av dei alvorlegaste sidene ved forfallet i partiet. Ikkje minst står det i enorm kontrast til korleis det var i SF, sjå berre i gamle nummer av Orientering, oppfordrar dei.

Noko av grunnen til dette forfallet, ifølgje dei to, ligg i at SV ikkje har ein materialistisk basis i politisk økonomi.

Leiande SV-arar i dag veit ikkje kva kapitalisme er, difor kan dei heller ikkje seia noko om kva sosialisme er, hevdar Ebbing.

Opposisjon

– Om ein skal peika på positive tendensar til opposisjon når det gjeld den ideologiske kampen i dag, så har Arbeidarpartiet mista noko av idéhegemoniet i fagrørsla. Landsmøtet i Kommuneforbundet no sist var lovande, både når det gjeld vedtaka om globalisering, men det er også positivt at Jan Davidsen har forstått at privatiseringa i offentleg sektor også vil råka privat sektor. Dette er med å opna viktige kamparenaer.

– Antiintellektualismen som vi finn på universiteta, i høve slik Vardøger definerte det å vera intellektuell frå starten av, er nytt. Eg ser vel fagrørsla som den viktigaste arenaen for ideologisk kamp i dag i tillegg til aviser som Klassekampen og Dagsavisen, men også vekeaviser som Morgenbladet og Dag og Tid, seier Skarstein.

– Når det gjeld miljøkampen, så har jo mange miljøpolitikarar vorte globaliseringsentusiastar. Eit tiltak som Erik Damman sitt Forum for systemdebatt er jo godt tenkt, men det er jo 25 år for seint.

Men Hans Ebbing legg likevel vekt på at det er bra med fora som fungerer innanfor dei borgarlege miljøa og som løyser opp frontane og får fram meir reelle problemstillingar.

– Noko av det mest negative både i den norske politikken og i kampen mot globaliseringa i dag, er likevel om Sentrumsregjeringa sluker så mange kamelar i EU-saker at det vil bli «ja» i ei ny folkerøysting om medlemskapsspørsmålet, avsluttar dei to Vardøgerveteranane.

NOTER

- * Først publisert i *Klassekampen*, lørdag 7. november 1998, s. 17. Gjengitt med tillatelse.